

Kinn kommune
v/ byggesaksavdelinga
Markegata 51
6905 Florø

Deres ref.:

Vår ref.:2022195/-hmk

Dato 31.05.24

FØLGJEBREV NABOVARSEL/SØKNAD OM DISPENSASJON - FYLLING I SJØ

iVest Consult søker på vegne av Trolleskjæret AS om dispensasjon frå krav om detaljregulering for oppstart av utfylling av massar frå Kystverket si utdjuving i Florøvika. Kystverket si utdjuving i Florøvika er planlagt påbegynt juni 2024. Levering av masser frå tiltaket til Trolleskjæret AS for utfylling gjeld området vest for Florø sentrum og er del av Gunhildvågen industriområde. Aktuelt område for reguleringsplan omfattar store delar av etablert industriområde i Gunhildvågen/Trolleskjæret. Detaljregulering er under arbeid og sendt på høyring 4. juni med høyringsfrist 6. september.

Då ein nærmar seg tidsrommet for fylling i sjø gjeldande gytetida for kysttorsken, som er frå 1. juni til 31 desember, og for å få hand om førespegla massar, søker vi ein midlertidig dispensasjon for gjeldande tiltak i påvente av godkjent detaljregulering plan:

Fylling i sjø i eit område på ca. 20daa og eit volum på om lag 171 800m³. Fyllingshøgd er sett til 2.6 meter som tar omsyn til flaumsone og stormflo.

Området er omfatta av ny kommunedelplan for Florelandet Brandsøy, datert 16.06.2022 med arealføremålet; industriområde (BN5).- framtidig»

Formål med reguleringsplan er i hovudsak legge til rette for vidareutvikling for industri innanfor aktuelt område i tråd med kommunedelplan. Eldre reguleringsplan for området har i samband med kommunedelplan blitt oppheva, også her var arealet avsett til industri/næring.



Figur 1 Gjeldande planområde

Om tiltaket

Næringsområdet Gunhildvågen/Trolleskjæret har i dag ei brei etablering av marin næringsverksemd, hovudsakleg fiskerirelatert, og det er press på det eksisterande tilgjengelege arealet. Mykje av aktiviteten krev i tillegg utskiping med containerar.

Det er behov for nye sjønære næringsareal og attraktive hamnefasilitetar for å ta høgde for framtidig vekst og langsiktige satsingar innan næringar i regionen.

Bakgrunn for søknad

Statsforvaltar har i vedtak gjeve Kystverket løyve til mudring og uttak av faste massar på inntil 108 000m³ over eit areal på 45 700m² i forbindelse med utdjujing av farleia inn til Florø sentrum.

Uttaksområdet for søkt tiltak er markert med rødt på figur 1, kartutsnitt. Aktuelt tiltaksområde for mottak er avmerkt med svart sirkel.

Dette er massar som er sterkt ynskjeleg å få hand om for å kunne gjere naudsynte tiltak for eksisterande verksemdar i Gunhildvågen.

I NVE atlas ligg området under marin grense. Det ligg ikkje føre faresonekart for kvikkleire for området. Området består i hovudsak av bart fjell, med stadvis tynt lausmassedekke (NGU lømasskart). I marine kart frå NGU er området registrert med;

- Tynt/usammenhengende sedimentdekke over berggrunnen
- Grusholdig sand
- Grusholdig slamholdig sand



Figur 2 Utsnitt kommune kart rødt område

Andre viktige faktorar

– Kysttorsk

Det er i føresegn gjeve at det ikkje er tillate med utfylling i sjø i gytetida for kysttorsk, dvs. i tidsrommet 1. februar til og med 30. april. Det er vidare sett krav til at det skal settast i verk avbøtande tiltak som hindrar mot spreining av finpartiklar i vassmassen gjennom periode for botn-slåing og tidleg oppvekst, dvs. i tidsrommet frå og med 1. mai til og med 15. juni. Plan for, og vurdering av eigna avbøtande tiltak, skal utførast av fagkunnige.


For planlagt tiltak vil fylling i sjø skje utanom gytetida, og utanom tida for botn-slåing og tidleg oppvekst.



Figur 3 Regionalt viktig gytetfelt (Botnafjorden, gytetfelt)

– Tareskog

Det er registrert større tareskogforekomstar innanfor planområdet, vist til som tareskog med kun stortare. Disse er kategorisert med verdi A (svært viktig), som følgje av at forekomsten er større enn 500 000 m². Naturtypen er kartlagt ved hjelp av datamodelleringar, og det vil difor vere usikkerheit i høve den faktiske utbreiinga av tareforekomsten. For planområdet ser ein at den registrerte forekomsten i hovudsak ligg innafør areal som i dag er utfyllt og nytta for eksisterande industriområde, vidare areal ut i sjø er òg fylt ut under havnivå. I undersøkingar for Måsholmen var det i området ved Trolleskjeret registrert spreidd blanda tareskog, det vart ikkje registrert Stortareskog.




Figur 4 Registrert tareskogforekomst med verdi A - (Miljødirektoratets naturbase kart)

– Naturmangfald

Det er utført undersøkingar i høve naturmangfald, både på land og i sjø. Ref. rapport Asplan Viak. Det vart ikkje registrert korallar eller andre raudlista artar, og heller ikkje havnespy. Det blei registrert Kystlynghei som er tatt inn i plan og føresegner.

– Forureina sediment i sjø

I høve Notat frå Multiconsult (10250568-01-RIGM-RAP-001), ligg område P1 og P2 innanfor aktuelt område for utfylling. P2 har tilstandsklasse III-moderat og P1 har tilstandsklasse V-svært dårleg. Det er i føresegn sett krav til at ved fylling av massar i område, ved punkt med funn av forureining (stasjon P2 og P1), skal område til dekkast før utfylling for å hindre oppvirvling av forureina sediment. Multiconsult har anbefalt at det ved tildekking vert nytta lekter i sjø, for å hindre spreiring av forureina massar.



Figur 5 Oversikt over prøvetaking og tilstandsklasse, frå rapport for miljøgeologisk rapport frå Multiconsult AS.

Grunntilhøve/Områdestabilitet

I NVE atlas ligg området under marin grense. Det ligg ikkje føre faresonekart for kvikkleire for området. Området består i hovudsak av bart fjell, med stadvis tynt lausmassedekke (NGU løsmassekart). I marine kart frå NGU er området registrert med;

- Tynt/usammenhengende sedimentdekke over berggrunnen
- Grusholdig sand
- Grusholdig slamholdig sand

I samband med reguleringsplan har det vore utført grunnundersøkingar i sjø, med innleiande geotekniske vurderingar, Multiconsult 2023. Tema for områdestabilitet er òg vurdert i ROS. Det vart i område registrert

lausmassemektigheit mellom 0,0 og 3,8 m i borepunkta. Lausmassane i område består generelt av venteleg skjelsand over berg. Bergoverflata er tolka til å vere kupert med lokale forhøgningar og søkk der ein stadvis finn lommer med lausmassar. I rapporten vert det konkludert med at det ikkje er fare for områdeskred av kvikkleire eller andre jordartar med sprøbroteigenskapar i aktuelt område. Områdestabiliteten er då tilfredsstillande, og det kan gjennomførast utfylling utan at det vert gjennomført særskilde tiltak med omsyn til områdestabilitet. Vurderingar og konklusjon tilfredsstill krav i NVE sin rettleiar 1/2019.

Grunngjeving dispensasjon

Det søkaste no om dispensasjon for å kunne starte arbeidet med utfylling i sjø ved Gunhildvågen industriområde. Areal på havbotn i aktuelt område har tidlegare blitt nytta for deponering av massar i samband med utdjuping av Måsholmensundet. Det er vurdert slik at tiltaket i liten grad vil ha innverknad på urørt område og ikkje gjeve negativ konsekvens for biologisk mangfald i sjø. Massane er som nemnd sprengstein frå utdjupinga av skipsleia i Florøvika som ligg i kort avstand til søkt område for fylling. Deponering av steinen i dette området vil difor medføre svært kort transportstrekning. Steinen skal leggest i område som er avsett til eit etablert industriområde. Kystverket treng å få plassert massar frå utdjupinga, og har gjeve positivt signal for tildeling av massar innanfor søkt areal. Vidare utfylling vil vere eit særst positivt tiltak i høve god utnytting av tilgjengelege ressursar i direkte nærleik. Dette vil gjeve god samfunnsøkonomi, gjeve reduksjon i co2 utslepp og ingen belastning på veg og infrastruktur.

Eit anna viktig moment er at ein nyttiggjere seg av massar frå godkjent tiltak, for deponering av massar i område avsett til framtidige industriareal som er svert etterspurd. Ny fylling vil ikkje gjeve endring av dagens seglingsmønster for skipsfart.

Det er sjølvstakt ikkje ideelt at ein i ein tidleg planprosess utfører tiltak som kan vere førande, men tiltakshavar er den same som er i gang med privat reguleringsplan, slik at for dei vil dette vere parallelle prosessar. Det er òg viktig å presisere at i pågåande planprosess vert det lagt opp til fylling innanfor dette område opp til kote +2,6. Det vert presisert at området har vert nytta til industriområde sidan 1950-talet, og eldre reguleringsplan som vart oppheva i samband med kommunedelplan la også opp til utfylling og industriområde, slik som også kommunedelplan gjer. Området er eksisterande industriområde og vert ikkje nytta for friluftsliv. Det er ikkje særskild tilrettelagde folkehelseiltak innanfor området, og heller ikkje for leik eller aktivitet. Området omfattar eksisterande industri og vil såleis ikkje vere attraktivt for slik aktivitet.



Figur 6 Google maps

Ulemper.

Ulemper med tiltaket kan vere knytt til støv og støv frå anleggsverksemd i utføringsfasen. Området ligg allereie i gul støysone i høve flyplassen, og Multiconsult har utarbeidd støyrapport for utbygging ved Måsholmen- Håskjera, som òg ser på dagens situasjon ved industriområdet i Gunhildvågen, Multiconsult rapport 10250568-02-RIA-RAP-001. Støyproblematikk i område er knytt til eksisterande næring, der det vert vist til eksisterande knuseaktivitet som utslagsgjevande i høve støyoverskridingar. Knusing føregår inntil om lag 30 timer i månaden, helst ved dårleg vêr for å avgrense støv. Dagar med overskriding i støv vil såleis vere avgrensa. Men anleggsstøy ved bruk av lekter ved utfylling i sjø blir mindre enn vist det skulle gå i trafikk gjennom sentrum.

Eksisterande knuseaktivitet vil generere noko støv i området. For å avgrense støv føregår denne typen aktivitet helst ved dårleg vêr, og i avgrensa tidsperiode. Det er i føresegn sett krav til at det skal vurderast behov for støvreduserande tiltak ved denne typen arbeid, og at gjeldande forskrifter og rettleiarar skal følgjast. Det er vidare i føresegn sett krav til risikovurdering ved etablering av nye verksemdar som kan påverk forhalda. Tema er såleis vurdert og ivareteke i plan.

Nabovarsel og dispensasjonssøknad gjeld løyve til dumping av inntil 171 800m³ steinmassar på over 20 000m² sjøbotn opp til kote pluss 2.6. Massane er overskotsmassar frå kystverket sitt prosjekt; utdjuing av innsegling til Florø hamn. I kommunedelplanen er sjøareala avsett til framtidig industriområde, som i stor grad allereie er etablert.

Med bakgrunn i det ovanstående finn vi ikkje at søkt dispensasjon innehar ulemper i særleg grad, og såleis vil fordelane jf. pbl. § 19-2 2.ledd vere klart større enn ulempene. Omsøkt tiltak vil heller ikkje vere i strid med intensjonen for gjeldande planar, eller set vesentleg til side plan- og bygningslova sin føremålsparagraf eller føresegnpunkta det vert søkt om dispensasjon frå i kommunedelplan for Florø sentrum. Etter vår vurdering er derfor vilkåra for å kunne gje dispensasjon oppfylt.


Varsling

Tilgrensa naboar blir nabovarsla etter Pbl. §21-3

Tiltaket søkast rammeløyve etter Pbl. § 20-3. Søknadspliktige tiltak med krav om ansvarlege føretak.

Kjelder:

- Kommunekart.
- Rapport, Asplan Viak.
- Føresegner og retningslinjer
Kommunedelplan for
Florelandet Brandsøy
- Rapport, Multiconsult.
- Planomtale
- Kystverket



Figur 7 Flyfoto kommunekart

Med helsing
iVest Consult AS
Avd. Stryn

Hilde Marie Kvamme

Hilde Marie Kvamme

Tlf: 900 37 490

Epost: hmk@investconsult.no